Forbundet KYSTEN

# Åreblad

Laussal: 50 kr

www.hfkl.no

Organ for Hordaland Fylkeskystlag

Mai 2018—25. årgang



| | | | |
|---|---|---|---|
| Kontaktinfo | 2 | Haust og vinter i Opsangervågen | 16 |
| Leiaren har (r)ordet | 3 | Hordakysttreff 2018 på Bømlo | 17 |
| Strandryddedagen | 4 | Sommarfestival på Romsa | 18 |
| Strandrydding på Tysnes | 5 | Lubbesild/nubbesild-kurs | 19-21 |
| Kurs i prambygging og smiing | 6 | Storbåten til Mari Jens-garden | 22-23 |
| Integrering av nye landsmenn | 7 | Nordfjordbåtlaget sine aktivitetar | 24 |
| Haugsdal Båtbyggeri i Strusshavn | 8-10 | Trebåtmønstring ved Troldhaugen | 25 |
| Ny foreining: Kystordverket | 11 | Smånytt: Torgdagen & Fjordsteam | 26 |
| Den Store Roen i Austevoll | 12-13 | Aktivitetskalender for 2018 | 27 |
| Motorseksæringen *Snygg* | 14-15 | Fylkeskystlaget si nettside | 28 |

# Kontaktinfo

**Hordaland Fylkeskystlag**
www.hfkl.no
Leiar: Per Otto Svendsby
Storingavika 79, 5174 Mathopen
922 20 895 perosve@online.no

**Askøy Kystlag**
v/Atle Grindheim
Askvegen 567, 5307 Askøy
924 20 912, leder@askoykystlag.no

**Austevoll Kyst- og Sogelag**
v/Thomas Johnson
Birkelandsvegen 142, 5392 Storebø
959 13 144, johnson@lysglimt.net

**Austevoll Seilforening**
v/Andreas Iversen
Postboks 9, 5392 Storebø
90 04 01 57, andreas@aiversen.no

**Bergen Kystlag**
Aleksander Krzywinski
Pb 37, Måseskjæret, 5035 Bergen
982 68 173, bergen.kystlag@gmail.com

**Bergens Sjøfartsmuseum**
www.bsj.uib.no
Postboks 7800, 5020 Bergen
55 54 96 00, post@sjofartsmuseum.no

**Bømlo Kystlag**
v/Magnar Skålevik
Ramsbakkane 1, 5420 Rubbestadneset
91574667,
magnar.skalevik@haugnett.no

**Båtlaget Njord/Tysnes**
www.sigling.no
v/Einar Aslaksen
Njordstø, Postboks 38, 5696 Tysnes
94 26 48 52,
einar.aslaksen@haugnett.no

**Faannessen – Marine**
www.fmarine.no
Munkebryggen 1
5816 Bergen
55 33 66 88, post@fmarine.no

**Fanafjorden Tradisjonssegling**
v/Kjell Magnus Økland
Petedalsheia 77, 5254 Sandsli
950 46 739, kjellmag@gmail.com

**Fjell Kystlag**
v/Rolf Henriksen
Pb 38, 5346 Straume
915 20 906, rolf.bero@gmail.com

**Foreininga Kystordverket**
www.kystordverket.no
v/Gunnar Bjørknes
91 77 97 55
post@kystordverket.no

**Hardanger Fartøyvernsenter**
www.fartoyvern.no
Postboks 53, 5601 Norheimsund
47 47 98 39
fartoyvern@hvm.museum.no

**Hardangerfjorden Kystlag**
v/ Geirmund Storaas
Pb 45, 5600 Norheimsund
414 42 795, info@trebaat.no

**Hope Trebåtlag**
v/Leiv Terje Sangolt
Pb 85, 5382 Skogsvåg
454 26 736, ltsangolt@gmail.com

**Hordamuseet**
http://www.bymuseet.no/vaare-museer/hordamuseet/
Hordnesvegen 24, 5244 Fana
479 79 580
hordamuseet@bymuseet.no

**Holsnøy Kystlag**
v/Jegvan Kaarbø
Skjelangerveien 661, 5917 Rossland
911 48 103, jegvan@kaarboe.no
holsnoykystlag@yahoo.no

**Keipane Kystlag**
v/Evy Bjørvik Dame
Ytrebygdsveien 129, 5251 Søreidgrend
97423267, Evy.Dame@hfk.no

**Kvinnherad Kystlag**
v/Leif Jarle Kallestad
Bjørkhaugvegen 17, 5450 Sunde
93201813, post@kvinnherad-kystlag.no

**Kystlaget Romsa**
v/Oddvar Krakk
Pb. 23, 5582 Ølensvåg
959 01 503,
oddvar.krakk@vindafjord.kommune.no

**Kystmuseet i Øygarden**
www.kystmuseum.museumvest.no
Museumsvegen 9, 5337 Rong
53 00 61 40
kystmuseet@museumvest.no

**Kystsogevekene**
www.kystsogevekene.no
v/Kjell Magnus Økland
Agnes Mowinckelsgt. 5
Postboks 7900, 5020 Bergen
950 46 739, kystsogevekene@hfk.no

**Milde Båtlag**
www.mildebatlag.org
v/Helge Holmbek
Skipanesvegen 12, 5259 Hjellestad
97 03 27 65, styret@mildebatlag.org

**Norges Fiskerimuseum**
www.fiskerimuseum.museumvest.no
Sandviksboder 23, 5035 Bergen
53 00 61 60
fiskeri@museumvest.no

**Opsangervågen Kystlag**
v/Edvin Hammerø
Sundsvegen 10, 5450 Sunde
950 36 557, ehammero@online.no

**Oselvarverkstaden**
www.oselvarverkstaden.no
v/Vidar Langeland
Hamnevegen 41
90556285, vidar@oselvarverkstaden.no

**Oselvarklubben**
www.oselvarklubben.no
v/Finn Totland
Edvard Griegsvei 12, 5059 Bergen
93 89 22 73, finn.totland@gmail.com

**Oselvarlaget på Os**
v/Egil Rundhovde
Kleivane 1, 5200 Os
97960884, egru@statoil.com

**Sagvågen Kystlag**
v/Terje Lamo
Pb 147, 5408 Sagvåg
905 66 101, tl@tlamo.no

**Sandviken Kystlag**
Aina C. Matre
Sandviksboder 15-17, 5035 Bergen
99 56 73 35
aina.matre@museumvest.no

**Seilmaker Iversen**
www.seilmakeren.no
Mjåtveitflaten 31, 5918 Frekhaug
55 55 74 58,
produksjon@seilmakeren.no

**Sund Kystlag**
v/Johannes Lidal,
Pb. 119, 5373 Klokkarvik
982 23 733
johanneslidal82@gmail.com

**Sveio Kystlag**
v/Terje Lier
Strømøyveien 71, 5554 Valevåg
908 37 477
terje.lier@norseagroup.com

# Leiaren har (r)ordet



**Prøvetur: Per Otto Svendsby testar årene på ein ny-restaurert færing på Horda-museet ved Fanafjorden.**

## Samarbeid for framtida

Å ro færingen ut på fjorden for å fiske med snøret, er noko ein fint kan klare åleine. Det er heller ikkje alltid ein får med seg ein kamerat eller ein av ungane. Sjølv om vi menneske er skapt for å leve i samfunn, er det av og til fint å berre vere med seg sjølv. Men om ein skal setje garn eller line, lyt ein vere to. Når ein skal segle er det best å vere to eller tre. Alt kan ikkje gjerast av ein mann eller ei kvinne åleine.

Slik er det for kystlaga også. Dei store arrangementa og dei store prosjekta lyt ein samarbeide med andre kystlag, organisasjonar eller profesjonelle for å få til. Då kjem styrken og motivasjonen til å gjennomføra. Ein treffer andre miljø som kan noko ein sjølv ikkje har greie på.  Det er ei oppleving alle deltakarane vil ha.

Landsstemnet 2018 i Haugesund er eit slik samarbeid mellom fleire kystlag og andre organisasjonar.  Kystlaget Kormt på Karmøy arrangerer landsstemnet saman med kystlaga Leirong, Utsira, Sveio og Romsa. Dei tradisjonelle Havnedagane går samstundes, slik at ressursar og marknaden kan delast mellom fleire aktørar innafor same føremål.

Også vårt eige fylkestreff er i år eit samarbeid mellom Bømlo Kystlag og Kanaldagane ved Kuleseidkanalen. Fylkestreffet får eige program, men i sum får deltakarene eit mykje større tilbod å vitje enn om ein var åleine. Ofte er det dei same eldsjelene som står bak dei ulike arrangementa, og dei ser ikkje minst nytten av samarbeidet.

Ein annan måte å samarbeide på er å la ein aktivitet gå på omgang mellom kystlaga. Den Store Roen er eit slikt samarbeid. I år er det Austevoll Kyst- og Sogelag som arrangerer den familievenlege roturen mellom tronge sund, vakker natur og spanande historiske plassar. Til neste år vil eit nytt kystlag med friske krefter sleppe til i sitt område. Fylkeskystlaget håpar at kystlaga vil melde seg på som framtidig arrangør, i samarbeid med fylkeskystlaget.

Innafor marknadsføring av større arrangement er det stor nytte i å samarbeide med Kystsogevekene, eller andre offentlege organisasjonar og ressursar. Torgdagen er eit godt døme på eit slikt samarbeid. Den Store Roen og Kanaldagane/Fylkestreffet er i år i perioden til Kystsogevekene, og får vere med i marknadsføringa der.

Årebladet er likevel det beste dømet vi har på eit vellukka samarbeid mellom alle kystlaga i Hordaland og nokre i Sogn. Her finn du mange fine artiklar frå livet i kystlaga og oppdateringar om det som skjer, skrivne av kystlaga sjølv.

Med ynskje om god bør og godt samarbeid.

Per Otto Svendsby
Leiar, Hordaland Fylkeskystlag

**Torgdagen i Bergen**
www.torgdagenibergen.no
v/Svein Tore Solsvik
Postboks 315, 5343 Straume
41 69 00 15
post@torgdagenibergen.no

**Tysnes Kystlag**
v/Oddvar Meland
5693 Årbakka
907 92 547
tysnes.kystlag@gmail.com

**Vinnesholmen Kystlag**
v/Roger Hoel,
Vinnesvegen 518, 5641 Fusa
900 93 249
vinnesholmen@fusi.no

**Lokallag i Sogn og Fjordane tilknytt HFKL i Åreblad-samarbeid:**

**Indre Sogn Kystlag**
v/Marny Tønnessen
Pb. 62, 6851 Sogndal - 970 30 828
isk@norveg-sognefjord.no

**Hornelen Kystlag**
v/Sigmund Larsen, Lefdal,
6776 Kjølsdalen
57 86 39 72 - siglarse@online.no

**Nordfjordbåtlaget**
v/Lars Bjarte Osland, 990 03 077
og
Svein Ove Ask, 987 63 188
Gloppestad, 6823 Sandane
uredd@online.no

**Meld adresseendringar til:**
**Forbundet KYSTEN,**
Øvre Slottsgate 2b, 0157 Oslo
forbundet@kysten.no
Tlf. 22 42 42 82

Det er klart for nytt nummer av Årebladet. I desse dagar skal båtar smørjast og sjøsetjast. Sesongen ligg føre oss med alt det me gler oss til gjennom mørke vinterkveldar. Rotur på stilt vatn, segltur i frisk vind, fisketur med von om storfangst og båtstemner med mange kjekke folk.

I dette nummeret har me fått inn mange gode reportasjar som viser den allsidige aktiviteten som skjer hjå dei ulike kystlaga. Har du spanande stoff som bør koma i Årebladet, nøl ikkje med å senda det inn. Fristen for innsending til hausten vert 15. oktober.

Snakkast på fjorden!

Kjell Magnus Økland
Bladstyrar, Årebladet




**Om Årebladet**

Utgjevar: Hordaland Fylkeskystlag

www.hfkl.no

Trykte utgåver av Årebladet vert postsendt til alle kystlagsmedlemmer i Hordaland og Sogn og Fjordane

Bladstyrar: Kjell Magnus Økland

Send bladmat til kjellmag@gmail.com

Framsidefoto: Jan Tufteland og Gunnar Bjørknes sjøset færing på Gåsnes i Stolmavågen, Stolmen.
Foto: Kjell Magnus Økland


# 5. mai: Strandryddedagen!



Vestvendt vik kor som helst på Vestlandet. Foto: Rebekka Høgestøl.

## *Slik kan du bli med å rydde.*

Strandryddesekker med "Vi rydder strendene i Hordaland" og big bags blir utlevert fra NGIR, IHM, BIR, Fjellvar AS, eller BOF. Vennligst se renovasjonsselskapene sine opplegg på deres hjemmesider. Når en er ferdig å rydde kan strandryddesekkene levers kostnadsfritt inn på gjenvinningsstasjoner hos FjellVAR, BIR, IHM og NGIR, som også setter ut containere etter avtale. Ønsker en å planlegge større aksjoner eller rydde på vanskelig tilkommelige steder kan en sende en mail til MarintAvfall@bof.no Vi kan på den måten bistå med hjelp med koordinering, og evt. henting av det eierløse marine avfallet med båt eller helikopter etter avtale i forkant av ryddeaksjon.

**Strandrydding er viktig**

Vi vert stadig minna om at marint søppel eller bos kan påverke dyrelivet i havet. Havsuler brukar nylontau i tillegg til tang i reirbygginga. Dette er det fleire fuglar som set seg fast i. Både i Nordsjøen og i Barentshavet vert sjøfuglen havhest brukt som indikator for plastforureining. Ein urovekkande stor del av fuglane har større mengder plast i magen enn det som er sett som grenseverdi. Nesten kvar tredje torsk frå Byfjorden inneheld plast i magen. I Barentshavet blir det rapportert at 20 prosent av snøkrabbane har plast i magen. Det siste, tankevekkjande eksempelet er den sjuke gåsenebbkvalen som vart observert utanfor Sotra og avliva. Undersøkingar viste at magen var full av plast som gjorde at kvalen ikkje klarte å ta til seg næring. Dyr som viklar seg inn i tau, garn eller emballasje får vanskar med å bevege seg og fange mat, og dei kan få kuttskadar og infeksjonar. Indre effektar kan oppstår når dyret får i seg for mykje søppel. Det kan føre til forstopping eller dårlegare næringsopptak. Vi veit også at giftstoff frå plast kan hope seg opp i dyra og overførast til neste ledd i næringskjeda. Søppel som ikkje blir tatt hand om hamnar gjerne i havet. Kor mykje det er snakk om kjem an på kor mykje folk som bur langs kysten, kor mykje det vert fiska og om dei ulike landa har gode nok system for søppelhandtering. Plast utgjer omlag 80 prosent av søppelet i havet, og det er anslått at mellom 5 og 13 millionar tonn plast hamnar i verdshava kvart år. Globalt kjem mesteparten frå land. I Noreg, der det bur få menneske, bidreg truleg den havbaserte industrien som fiskeri, skipstrafikk, petroleumsverksemd og akvakultur mest til marin plastforsøpling. Plast som endar i havet blir stort sett frakta med havstraumane og påverka av vindforhold. Havstraumane og vêret påverkar kor my-

kje plast som rek i land på strendene våre. I strandsona og på land blir plasten broten ned til mindre partiklar av UV-lys frå sola, temperaturendringar og vind og bølger. Om vi ikkje samlar opp plasten, forvitrar den til mikroplast som er partiklar mindre enn 5 millimeter. Slik mikroplast kan på nytt bli transportert med havstraumane, og den blir då svært vanskeleg å fjerne frå miljøet. Plastpartiklane søkk enten ned på havbotnen eller dei flyt i overflata. Avhengig av storleik kan plasten bli teken opp av organismar som blåskjel og svamp som filtrerer sjøvatn eller krabbe og andre dyr som plukkar plastpartiklane fordi dei forvekslar dei med føde. Det er vist at flytande plastpartiklar kan samle seg i store havvirvlar eller gyrar, og fem slike er førebels identifisert i verdshava. Vi veit ikkje kor mykje plast og mikroplast som driv i land på strender, kor mykje som søkk ned på havbotnen og kor mykje som blir teke opp i den marine næringskjeda, men det er estimert at kanskje 1 prosent flyt i overflata, 5 prosent rek i land, medan storparten hamnar på sjøbotnen. Det viktigaste vi kan gjere er å redusere plastbruken og å hindre at plasten hamnar i havet. Dette er ei kompleks og krevjande oppgåve. Plastkvalen opna auga våre, og viste oss at problemet må angripast på mange frontar. Strandrydding er eit godt eksempel på tiltak som reduserer omfanget av marin plast, og samstundes skapar merksemd om marin forsøpling.

Tekst: Bjørn Einar Grøsvik, Havforskningsinstituttet

hold Norge rent

frå vik til vik rein kyst

# Strandrydding på Tysnes




**Hasule svelta i hel grunna tau rundt nebbet.**

I anledning den nasjonale strandryddedagen den 5. mai i år skal Tysnes Kystlag saman med Uren Luren 4H og Tveit båtlag og andre frivillige rydder strender frå Nedrevågen til Nymark. Det blir utlevering av sekker og hansker dagen før på Tveit skule. Me håper så mange som mulig blir med å rydda strender, for det kjem stadig nytt søppel flytandes. Dette må plukkast opp, og ikkje minst skape ein bevistsgjering slik at folk sluttar med denne vonde vanen. Det er ikkje før ein er med på den faktiske ryddinga sjølv at ein innser kor mykje søppel som blir kasta på sjøen.

Det er dei sør/vest vendte strendene som det samlast mykje boss i. Det som me finn mest av her i Onarheimsfjorden er tau og rør frå oppdrettsnæringa, isopor, blåser, dolly ropes, fiskegøtt og tau frå fiskara. sprengtråd frå dumping av massar etter utskyting i fjell, q-tips frå folk som har som vane for å kasta dette i do, snus og plastflasker, ølboksar frå folk som slenger dette ut bilvindu eller båtripa.

Elles kan eg nemne blomsterpotter, bitar av presenningar, rundballeplast, plastposar frå butikken som blir tatt av vinden og hamna til slutt i havet.

Får me ikkje rydda opp dette, og slutta med å bruke naturen som bossplass vil det i 2050 vera meir plast i sjøen enn fisk, kva skal me då eta?

Helsing

Rebekka Høgestøl

Tysnes Kystlag

# Kurs i bygging av pram

Etter flere måneder med planlegging og søk etter båtbygger, fikk vi høre om Harald Oma, som både ville bli medlem i kystlaget og holde kurs i bygging av pram. I oktober 2017 kunne vi endelig tilby båtbyggekurs i Bergen kystkultursenter. Tre båter blir i disse dager bygget, og kan om ikke lenge sjøsettes.

Primus motor for kurset er kystlagets Rune Tvedt, som har fått gode råd fra båtbygger John Andersen fra Risør Kystlag i planleggingsfasen. Vi setter opp nytt kurs til høsten, sammen med vår dyktige båtbygger Harald Oma.









**Øverst:**
**Fra prambyggerkurset.**
**Erik Apeltun og Erik Oma.**

**II: Katarina Kierulf ved høvlebenken.**

**III: Felizia Bjarkøy ved essa.**

**Nederst:**
**Fra smikurset.**
**Alle Foto: Egil Sunde.**

# Smikurs i Sandviken

Det var full aktivitet i og rundt smien til Bergen Kystkultursenter da Sandviken Kystlag arrangerte kurs tre dager helgen 13.-15. april.

Tre esser var i drift for å holde jernet varmt for de seks deltakerne fra kystlaget. Lærer var smed Seppe Lehembre fra Hardanger Fartøyvernsenter. Kurset tok for seg grunnleggende smiteknikk, med hovedfokus på å smi ulike beslag til båter. Planen er å følge opp kurset med et videregående trinn 2 kurs, der en bygger videre på det første kurset.

Kurset var støttet med midler fra Bergen kommune, noe som gjorde det mulig med profesjonell lærer, og rimelig kursavgift.

Hilsen Aina Matre,

leder Sandviken Kystlag

# Fiske, kajakk og kokkelering med våre syriske venner



Fra barndom av, lærte jeg at den største gleden et menneske kan ha, er å gjøre andre glad. Og heldige meg fikk jeg en slik dag i Sæbøvågen. Første påskedag inviterte vi familien Abrahim som består av far Tamer kone Samaher, sønnene Laith Alhaji 7 år, Ismaeel 8 år Faisal 9 år, og datteren Rawan 4 år.

Alt dagen før hadde vi fått ut bruket i sjøen. Så klokken 11 troppet det opp 6 forventningsfulle barn og voksne. Verken barna eller fruen hadde vært i båt før.



Og med store forventningsfulle øyner fikk jeg manøvrert de inni redningsvester. Litt skjelvende klatret de om bord i båten.

Så var det ut etter garna, og snakk om hjelpsomme barn. De trakk garn som en innfødt stril. Jubelen kunne høres på milsavstand når vi omsider fikk fisk. Så inn å sløye, gre garna. Alle var med å hjalp til. Samaher studerte min sløye/ flekke-teknikk nøye, og ble etter hvert ganske god. Nubbesilda til 1. mai er hennes ære.



Etter garn jobben satte jeg ut små kajakkene og kanoen. Alle var ute og padlet, litt i hytt og dynevær i begynnelsen, men ganske fort fikk barna take på det. Var så ivrige at de måtte få kakeservering ombord, hadde ikke tid til å komme på land.

Avsluttet dagen med kokkelering og et nydelig fiskemåltid. Menyen var kokt stekt torsk og øret, ovnstekte poteter og grønnsaker. Selvsagt heimalaga flatbrød til. Også dette ble første møte med norsk fiske matkultur. Tror maten smakte, bare noe rusk igjen til katta.



Hilsen
Evy Dame
Keipane Kystlag



# Historien om Haugsdal Båtbyggeri i Strusshavn



**Gudmundur Tordarson i Vågen i Strusshavn. Bak båten ligger *Norge I*. Den ble tatt av tyske soldater i mars 1941 da den var på vei til Shetland med bl. a. Askøyværinger om bord. Båten ble etter krigen kjøpt av Sigvald Waagen. Foto utlånt av Jon Steinar Waagen.**

Leif Salomonsen Haugsdal, født 24. januar 1905 komme fra Masfjorden, nærnere bestemt gården Solsnes. I 1933 skøytte han gården over til sønnen. Leif giftet seg med Marie Gjøen. Etter 2. verdenskrig startet han båtbyggeri på Kjøleneset, Haugsdal. Leif flyttet til Skarholmshøyden på Askøy og startet båtbyggeri i Vågen i Strusshavn på Askøy i 1948. Han tok ikke bare med seg familien, han tok også med seg et hus. Det ble bygget en båt på Kjøleneset, det var:

*Crossley* (1947). Tre. Levert til Telavåg i Sund. Omtalt som en av Telavågbåtene. Skroget ble senere utsatt for kolfyr.

Følgende båter ble bygget på Skarholmen på Askøy:

*Steggsund* (1950). Tre. Levert til Glesvær i Sund. Omtalt som en av Telavågbåtene.

*Frøysjø* (1950). Tre. Levert til Berle i Bremanger. Egentlig byg for en eier i Hordaland. Havna i Berle via Fiskarbanken. Skroget ble senere utsatt for kolfyr.

*Rator* (1953). Tre. Levert til Solund.

*Fjordgubben* (1955). Stål. Levert til Linga i Granvin.



**Slippen i Vågen i Strusshavn.**



***Rator* ved kai i Solund framfor hengjo, der ein tørka fiskeutstyr. Biletet er teke i tida då dei fire brørne Færøy dreiv med båten 1952/53 til 1971. Båten vart då brukt til fiske av brisling, sild og størje.**

Gudmundur Tordarson (1957). Stål. Levert til Reykjavik på Island. Første islandske fiskebåten med hydraulisk bomsving og kraftblokk.

*Lyngstuva* (1958). 74,4 fot land jernbåt. 220 HK Brunvold maskin. Eier var Arne Grape m/flere i Skibotn. Båten var med på forsøksreise etter reker i Barentshavet i 1970.

*Grotanger* (1959). Stål. Denne båten var 110 fot og den største som ble bygget på båtbyggeriet.

*Kristbjørg* (1960). Stål. Levert til vestmannaøyar på Island.

*Lyngsstua* (1961). Stål. Levert til Lyngseidet i Troms for Sverre Garpe og Arne Garpe.




***Crossley* ved Fugleskjerskaia i Florø ein gong midt på 1950-talet. Båten veksla mellom sildefiske på Vestlandskysten og loddefiske ved Finnmarkskysten. Foto utlånt av Firdaposten.**

I 1963 gikk verftet konkurs. Båtbyggeriet i Strusshavn hadde ikke skinnegang og slipp. Skrogene ble bygget på planker. En gang måtte det en stor taubåt tilkalles for å få dradd skroget ut.

Vi må se på etableringen av et båtbyggeri i Strusshavn i lys av den oppbyggingen av landet som skjedde etter 2. verdenskrig. Staten hadde gjennom fellesprogrammet stilt seg i spissen for *utviklingen av moderne fangst og tilverkingsmetoder* som styrket utbyggingen av en havgående fiskeflåte og utbyggingen av en frossenfisk-industri i torskesektoren. Det samme skjedde også på Island. Det er et paradoks at antallet personer knyttet til fiske/landbruk i 1932 var 42 % av arbeidsstokken i Norge, mens den i 1970 var 15 %. Det reduserte antall fiskere greide gjennom effektiviseringstiltak å fange så mye fisk at viktige fiskebestander kollapset ut over 1960- og 1970-tallet.




***Janko Senior* (ex. *Rator*) på brislingen i 1978, her i Stavanger med lysbåt ved sida og loddebåt. Foto utlånt av Kjell Birger Sønstebø.**



*Frøysjø* **i aktivitet på fiskefeltet.**

Noen spørsmål som er vedt å tenke over både for å belyse temaet båtbyggeriet i Strusshavn og kanskje også på mer generell basis:

Hvem var de som startet å bygge båter på denne tiden?

Hvilke kunnskaper hadde de om konstruksjon, beregninger, å lage tegninger, økonomistyring, osv?

Hvordan finansierte de oppstarten av båtbyggeriet?

Hvorfor ble båtbyggeriet plassert i Strusshavn?

Eide eller leide dei grunnen der båtbyggeriet ble etablert?

Hadde Leif Haugsdal noen kompanjonger i oppstarten? Hvilken selskapsform ble valgt?

Hvilken ekstern ekspertise knyttet de til seg, elektrikere, rørleggere, sveisere? Ringvirkninger?

Var det hard konkurranse om byggeoppdragene? Hvorfor tok det så fort slutt?

Overgangen fra tre til stål – tok den den på strak arm?

Vi har hørt om en spesielt dramatisk sjøsetting av en stålbåt – noen som kan fortelle mer om dette?

Noen som kan fortelle mer om dette med sjøsetting når det ikke var skinnegang eller slipp?

Hvor fikk de byggematerialene fra, tre og stål?

Hilsen
Ole Christian Næss
Askøy Kystlag

***Lyngstua*** **i Strusshavn. Sjoddien oppe til venstre.**





**Stiftarane av Kystordverket, frå venstre: Magnar Brekke, Kjell Magnus Økland, Gunnar Bjørknes, Atle Raubotn, Jan Tufteland og Hanne Sophie Greve.**

# Foreininga Kystordverket er stifta

I stova til Jan Tufteland på Stolmen vart Foreinga Kystordverket stifta 14. april. Foreininga har som mål å samla inn, dokumentera, systematisera og formidla ord og uttrykk i norsk kystkultur. Kystordverket skal gjennom ein folkedugnad samla inn, systematisere, forklara og formidla ord og uttrykk frå kystkulturen.

Ord og uttrykk i norsk kystkultur er ei immateriell kulturarv som representerer kunnskapar og dugleikar om natur, livsvilkår og teknologi utvikla gjennom tusenvis av år og er heilt grunnleggjande for vår sjølbergeing og sjølvforståing som nasjon. Diverre er denne arva framleis underkommunisert i forteljinga om Noreg og står no i fare for langt på veg å verta gløymd.

Kystordverket skal gjennom eit samspel mellom innsamlingsdugnad, dokumentasjon, systematisering og formidling ord og uttrykk styrkja kystkulturens plass i samfunnet, i det kollektive medvitet og såleid heva kystfolkets sjølvkjensle. Dette er eit kulturarbeid som verdset både røter og internasjonalt utsyn, sidan kystkulturen meir enn nokon annan del av vår kultur er oppstått i samspel mellom det heimlege stadbundne og internasjonal kontakt.

På kort sikt har arbeidet til Foreininga Kystordverket tre hovudleier:

Den digitale leia:
Publisering og systematisering via nettbaserte plattformar. Her vil Kystordverket arbeida for å få midlar som skal brukast til kvalifisert redaktørkompetanse, som på profesjonelt grunnlag kan systematisere og filologisk kvalitetssikre stoffet og slik sikra høg kvalitet i denne delen av prosjektet.

Den folkelege leia:
Kystordverket skal søka samarbeid med organisasjonar og institusjonar som samsvarer med formålet til foreininga. Kystordverket vil arbeidet for å auka engasjementet i ordsamlingsarbeidet i mange grasrotorganisasjonar, til dømes kystlag, sogelag, fiskarlag og kulturminnelag. Slik vil Kystordverket skapa ein folkedugnad som aukar medvitet om den språklege ordskatten som den tradisjonelle kystkulturen rommar.

Den pedagogiske leia:
Kystordverket vil utfordre lærarar i skuleverket til å bruka innsamlingsprosjektet i undervisninga si. Kystordverket har som mål å få skuleinstitusjonar til å trekka inn norsk kystkultur i undervisningen i langt større grad enn i dag.

På lengre sikt bør det innsamla materialet gjerast tilgjengeleg, gjerne illustrert, som trykt bok, til dømes: *Kystordverket – eit ramsalt leksikon*. Dette bokverket bør med jamne mellomrom reviderast og trykkjast på nytt.

I styret til Foreininga Kyst sit Gunnar Bjørknes (leiar), Atle Raubotn, Randi Johanne Sund og Kjell Magnus Økland. Foreninga vil arbeida for å snart ha klart eit digitalt mottaksapparat for ord og uttrykk på heimesida www.kystordverket.no der du kan melda inn ramsalte ord og uttrykk.

Tekst og foto: Kjell Magnus Økland.






*Den Store Roen er ein familievenleg rotur som i 2018 vert arrangert av Austevoll Kyst- og Sogelag, i samarbeid med Hordaland Fylkeskystlag. Ruta vert lagt opp etter ver og vind. Dersom veret er godt, kan ein basera seg meir på opnare farvatn. Dersom veret ikkje er så godt, vert ruta lagt til skjerma farvatn.*

Førebels ser programmet slik ut:

Fredag eller laurdag morgon: Utsetjing av båtar kan skje i Gråsidalen på Storebø. Der er det betongslipp og høve til parkering.

Overnatting frå fredag til laurdag kan skje i telt eller evt. på Storebø skule.



**Laurdag 11.august**

Avgang ca klokka 1000 – ca 9-10 nautiske mil = ca 8 timar roing inkl stopp og pausar.

Frå Storebø går ferda til Heimarkspollen gjennom Småstraumane og omvisning på båtverkstanden Slorkjen.

Etterpå vert det roing gjennom hovudstraumen til det gamle kommunesenteret Bakholmen, eller «Baggaholm» som det heiter på kart frå 1500-talet, då det var ein av få plassar nemnd på dei første karta over Noreg. Frå Bakholmen går turen forbi Galgen og gjennom Drønsstraumane til overnatting på gamle Drøna skule. Overnatting i gymsal eller i telt på grusbanen bak skulen. Her er det tilgong til eit velutstyrt kjøken, toalett og tilbod om å kjøpe varm mat.




**Sundag 12. august**

Avgang ca. kl. 0930 – ca 7-8 nautiske mil = ca 6 timars roing inkl stopp og pausar.

Sørover i Drønspollen gjennom Sørstraumen mot Bussesund og steinbrotet i Storevikjo, der sokkelen til Chr.Michelsen-statuen i Bergen blei teken ut (elles kjem stein til bygningar som Bergen bibliotek og Norgestrappen i FN-bygningen i New York frå steinbrota i området).

Her ifrå er det fleire alternativ. Er veret på lag med oss, går vi vidare mot Kobbaneset eller Bekkjarvik på Selbjørn. Er veret mindre medgjerleg med oss går turen tilbake til Storebø via Råtehola på Hundvåkøy. Dersom veret innbyr til roing vidare mot Selbjørn, vil turen avsluttast der. Det vert ordna med transport til henting av bil og båthengjar.

Undervegs ser vi for oss at det vil vera stopp med diverse typar påfyll av både den historiske og den matnyttige sorten. Turen har fleire høve til ekstrasløyfar for dei som vil ro meir og avkortingar for dei som vil ro mindre.

**Påmelding og pris**

Påmelding inkl. overnatting, niste på turen og frukost på søndag – kr 300 pr båt (2 personar).

Ekstra personar kr 50 pr stk.

Påmelding utan overnatting – kr 100 pr båt m/2 personar. 50kr for ekstra personar.

Middag laurdag kveld – kr 100 per person.

Betaling til VIPPS #508027

Austevoll Kyst- og Sogelag eller bankkonto 3628.07.15039

Påmelding: johnson@lysglimt.net

Kontaktperson:

Thomas Johnson 95 91 31 44

Helsing

Thomas Johnson

Austevoll Kyst- og Sogelag





# Året det kom ein motorseksæring sigande

Denne historia byrjar ein gong før år 1900, men ingen veit heilt kor mykje før – berre at båten var ikkje ny då den blei henta i Gunnhildsvågen på Sotra i 1900 og rodd og sigla heim til Ølnavågen på Hundvåkøy i Austevoll ein dag i år 1900.



At det var ein stautbygd seksæring, fekk den visa opp gjennom åra i all slags teneste: fiskebåt, fraktebåt, kyrkjebåt og etter kvart både som skuleskyss og skyss av folk og fe og ein doktor eller sjukesyster i ny og ne når det røynde på. Den gjekk inn i den nye tida i 1924 då den fekk ein mektig motor på ruvande 4,5hk. Dette svera beistet av ei maskin krov ombyggingar, og kraftige og høge spant blei veksla inn for å stiva av skroget og gje plass til ein ekstra bordgong. Og slik heldt «Snygg» fram som viktig og velkjend arbeidsbåt heilt opp til vår tid. Rett nok blei han for det meste brukt på småfiske og småturar for «å koma ut på sjøden» dei siste åra han var i aktiv teneste, både båten og eigar Martin Økland byrja å dra på åra. Nye, raskare transportformer gjorde gamle «Snygg» gamal, og då eigaren gjekk frå borde for siste gong omkring 1970 blei «Snygg» drege opp i naustet, og verda gjekk vidare.

